

**Fra:** Synnove Misje (synnovemisje@hotmail.com)

**Sendt:** 09.07.2018 12:37:22

**Til:** Tale Halsør

**Kopi:**

**Emne:** SV: Rapportering om lokale miljø- og klimatiltak

**Vedlegg:** image001.png;Rapportering av midlar fra? Hordaland Fylkeskommune.docx

Hei!

Her kjem samanstillinga over kva me har nytta midlane me i Bærekraftige Liv på Nordnes fekk i 2016.

Kjempefint om eg får ei tilbakemelding om det ser greit ut.

God grøn sommar!

Mvh Synnøve Misje

---

**Fra:** Tale Halsør <Tale.Halsor@hfk.no>

**Sendt:** tirsdag 8. mai 2018 10.05

**Til:** Synnove Misje

**Emne:** SV: Rapportering om lokale miljø- og klimatiltak

Hei!

Vi har ikkje lenger noko rapporteringsskjema. Du kan skrive ei side (maks to), der de skildrar kva de har gjort og kva pengane har gått til. Vi treng ikkje noko fullt rekneskap, men ei samanstilling over utgiftspostane.

Venleg helsing

**Tale Halsør**

Spesialrådgjevar

Regionalavdelinga | Klima- og naturressursseksjonen



Tlf: 922 066 75

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no) |

---

**Fra:** Synnove Misje <synnovemisje@hotmail.com>

**Sendt:** 7. mai 2018 18:56

**Til:** Tale Halsør <Tale.Halsor@hfk.no>

**Emne:** SV: Rapportering om lokale miljø- og klimatiltak

Hei!

Og orsak om sein rapportering av midlar me fekk i 2016. No er det på høg tid å rapportera inn kva midlane har gått til:-) Vil du senda meg det riktige rapporteringsskjemaet?

Mvh Synnøve Misje i Bærekraftige Liv på Nordnes

---

**Fra:** Tale Halsør <[Tale.Halsor@hfk.no](mailto:Tale.Halsor@hfk.no)>

**Sendt:** mandag 15. mai 2017 11.13

**Til:** 'Synnove Misje'

**Emne:** SV: Rapportering om lokale miljø- og klimatiltak

Det er veldig gode føremål og de står heilt fritt til å nytte midlane til takhage, bokashikurs og eventuelle, liknande tiltak som støtter opp under ein grønnare, meir berekraftig by.

Så lenge rapporteringa er frå organisasjonen bærekraftig liv, står de fritt til å sjølv bestemme kven som gjer det.

Lukke til!

mvh Tale

---

**Fra:** Synnove Misje [<mailto:synnovemisje@hotmail.com>]

**Sendt:** 15. mai 2017 11:10

**Til:** Tale Halsør <[Tale.Halsor@hfk.no](mailto:Tale.Halsor@hfk.no)>

**Emne:** SV: Rapportering om lokale miljø- og klimatiltak

Så bra! Tusen takk:-)

Då tar eg ansvar for rapportering innan februar 2018, dersom det ikkje er viktig at det er same person som søkte som rapporterer?

Og forstår eg deg då rett at me kan bruka pengane på takhagen i staden for sykkelverkstad og nytt Bokashi-kurs dersom me vurderer det mest hensiktsmessig?

Mvh Synnøve Misje

---

**Fra:** Tale Halsør <[Tale.Halsor@hfk.no](mailto:Tale.Halsor@hfk.no)>

**Sendt:** 15. mai 2017 10:05

**Til:** Synnove Misje

**Emne:** SV: Rapportering om lokale miljø- og klimatiltak

Vi blir glade om de vil gjennomføre aktivitetar i år, framfor å betale tilbake. Så berre sett i gang!

Send oss gjerne ei oversikt over kva aktivitetar pengane har vore med å finansiere når de er ferdige.

Eg overfører no formelt løyvinga til 2017, slik at ny frist for rapportering er februar 2018.

Var forøvrig innom takhagen i helga og såg at det var ein del som var kome allereie og at mykje var klart. Flott innsats!

Beste helsing

Tale Halsør

---

**Frå:** Synnove Misje <[synnovemisje@hotmail.com](mailto:synnovemisje@hotmail.com)>

**Sendt:** 14. mai 2017 15:57:19

**Til:** Tale Halsør

**Emne:** SV: Rapportering om lokale miljø- og klimatiltak

Hei!

I 2016 fekk me i Bærekraftige Liv på Nordnes 9365kr i tilskot til lokale miljø- og klimatiltak på Nordnes.

I søknaden vår oppga at støtta skulle brukast til:

*To Bokashi-kurs*

*Takhage*

*Sykkelverkstad på Klosterplassen og testing av el-syklar*

Pga sjukdom og få aktive deltakarar i planlegging av prosjekta vart det i 2016 kun gjennomført eitt Bokashi-kurs (dette vart avvikla før me fekk bekrefta tilskotet) og noko aktivitet i takhagen. Sykkelverkstad og utprøving av el-syklar vart ikkje gjennomført.

Me gjennomførte ein matbyttefest på hausten i 2016.

Me er no ein meir robust gjeng og er godt i gang med arbeidet i Takhagen. Kan me bruka dei resterande pengane (ca 6000kr) på arbeidet med å få Takhagen på Nordnes i stand ( hovudsak jord, gjødsel og noko utstyr til plantearbeidet? Eller ynsker Hordaland Fylkeskommune tilbakeført pengane nøyaktig etter kva som sto i søknaden?

Me er forseinka når det gjeld rapportering av pengane og ynskjer så raskt svar som mogleg.

Mvh Synnøve Misje (aktiv i Bærekraftige Liv på Nordnes)

---

**Fra:** Bærekraftige Liv <[barekraftigeliv.nordnes@gmail.com](mailto:barekraftigeliv.nordnes@gmail.com)>

**Sendt:** 4. mai 2017 22:36

**Til:** Synnove Misje

**Emne:** Fwd: Rapportering om lokale miljø- og klimatiltak

----- Forwarded message -----

**From:** Tale Halsør <[Tale.Halsor@hfk.no](mailto:Tale.Halsor@hfk.no)>

**Date:** 2017-02-01 11:09 GMT+01:00

**Subject:** Rapportering om lokale miljø- og klimatiltak

**To:**

Orsak, her kjem dei vedlagte skjema.

Mvh

Tale Halsør

---

**Fra:** Tale Halsør

**Sendt:** 1. februar 2017 11:02

**Emne:** Lokale miljø- og klimatiltak

Hei,

Det nærmar seg rapportering på lokale klima- og miljøtiltak som fekk støtte frå Hordaland fylkeskommune i 2016. Vedlagt er eitt rapporteringsskjema for prosjekt og eitt for dei som skal rapportere for miljøorganisasjonar. De står sjølv sagt fritt til å tilpasse rapporteringa til ein måte som er effektiv for dykk, så lenge de vi ber om i rapporteringsskjemaet kjem fram. Det gjeld særleg for aktivitetar og rekneskap.

Tilskot for 2017 er lyst ut og det vil i år vere elektronisk søknadsskjema på våre nettsider. Ta kontakt om de har spørsmål til utfylling.

<http://www.hordaland.no/nn-NO/natur-og-klima/energi-miljo-og-klima/tilskot-til-lokale-klima-og-miljotiltak/>

<http://www.hordaland.no/nn-NO/natur-og-klima/energi-miljo-og-klima/tilskot-til-miljoorganisasjonar/>

Venleg helsing

**Tale Halsør**

Rådgjevar Energi

Regionalavdelinga | Klima- og naturressursseksjonen



Tlf: 922 066 75

